

## Sak 37-19 Betalingsatsar ved levering til Miljøstasjon / mini gjenbruksstasjon 2020

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek slike betalingsatsar i 2020 for levering av avfall for private 2020 til Miljøstasjon / gjenbruksstasjon:

	Eks mva	Inkl mva
Restavfall (grovavfall)	Kr 2,00	Kr 2,50
Blanda restavfall	Kr 2,00	Kr 2,50
Mat-/våtorganisk avfall	Kr 2,00	Kr 2,50
Trevirke	Kr 1,44	Kr 1,80
Isopor (per kubikk)	Kr 40,00	Kr 50,00
Avfallssekker (per stk)	Kr 70,40	Kr 88,00
Minstepris - restavfall og trevirke (0-20 kg)	Kr 40,00	Kr 50,00
Metall	Kr 0,00	Kr 0,00
Hageavfall *	Kr 0,00	Kr 0,00
Farleg avfall og elektrisk avfall (E.E avfall)	Kr 0,00	Kr 0,00
Impregnert tre (kreosot el CCA/CA)	Kr 0,00	Kr 0,00
Asbest	Kr 0,00	Kr 0,00
Lån av hengar pr. gang.	Kr 160,00	Kr 200,00
<b>MINI GJENBRUKSSTASJON GRODÅS.</b>		
Personbil inntil 1m3:	Kr 80,00	Kr 100,00
Tilhengar eller varebil 1-2 m3	Kr 120,00	Kr 120,00
Tilhengar eller varebil 2-4 m3	Kr 240,00	Kr 300,00
Tilhengar eller varebil 4-6 m3	Kr 360,00	Kr 450,00

Levering av volum over 6 m3 til gjenbruksstasjon på Grodås, berre etter avtale.

Asbesthaldig varer må vere forskriftsmessig pakka før levering og blir slik som PCB haldige isolerglas og fritidsbåtar mindre enn 15, berre tatt imot på anlegget i Hovdebygda.

\*Gjeld kvist, gras og lauv frå hagen. Greiner med maks diameter 25 cm. Ikkje røter eller sagflis som er trevirke.

Private kan levere farleg avfall inntil 1000 kg pr år og Pcb-haldige isolerglas, inntil 500 kg pr. år innafør gebyret. Ved levering av fritidsbåtar må ferdig utfylt skjema frå Miljødirektoratet følgje med. For meir informasjon sjå <https://www.vor.no/kasserte-fritidsbaatar.493183.nn.html>


Definisjon av farleg avfall finn ein på <https://www.vor.no/farleg-avfall.6165226-493178.html>

### Saksutgreiing:

Styret fastsetter i denne saka prisane for levering over vekt for komande år. Nytt av året er fastsetting av prisane ved levering til Mini gjenbruksstasjon på Grodås og vi tilrår innført ein ny sats for lån av hengar til VØR. Dette er gjort av tre grunnar. For det første kan og bør innbyggjarane nytte hengarane til dei som driv med utlån av dette på kommersielt grunnlag. For det andre nyttar vi ein del ressursar til vedlikehald av disse gjennom året. Eit bidrag i denne storleik vil representere kompensasjon for drift av ordninga.

Satsane for levering over vekt i Hovdebygda er uendra frå 2019, med unntak av trevirke som har vore for lavt prisa. Denne er no oppjustert med 24 øre pr. kilo pluss mva.

Satsane for levering på Grodås er og uendra i høve Nomil sine prisar i 2019. Stasjonen på Grodås er liten, så der må vi vidareføre fysiske avgrensingar i storleiken på det som kan leverast. Dei fysiske store fraksjonane må leverast i Hovdebygda på lik line med alle andre abonnentar som VØR har, slik som fritidsbåtar, PCB vindu og asbesthaldig materiale frå tak og veggjar.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar